



INTO RØYR AS

Att: Eikeland Øystein

Sundsvegen 77

5450 SUNDE I SUNNHORDLAND

Refnr.	Arkivkode	Saksnr.	Saksbehandler	Dato
BXBZ5451	GID 134/106	2025/10070	Egil Eide	Husnes, 19.09.25

## Tilknytingsløyve til offentlig ledningsnett - 134/106

### Det vert gjeve løyve til tilknytning av spillvassleidning på fylgjande vilkår:

- Tilknytninga skal utførast etter gjeldande VA-norm og *Standard abonnementsvilkår*, av godkjent røyrlaggjar og minst ein person i arbeidslaget skal inneha ADK-1 sertifikat.
- I høve vasstilkopling, må det sendast søknad til Uskedal vassverk om dette.
- Spillvassleidningen skal koplast til kommunal leiding ved etablering av kråkefot minikum.
- Det skal innstallerast vassmålar i hht *Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Kvinnherad kommune §5*. Vassmålaren skal leverast av VA. Eigar av eigedomen er ansvarleg for at målararen står frostfritt. Vassmålar registreringa skal leverast saman med ferdigmeldinga.
- Alle leidingar skal målast inn i hht *Leidningsregistreringsforskriften* og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendast til [va@kvinnherad.kommune.no](mailto:va@kvinnherad.kommune.no)
- Straks arbeidet med vatn og/eller avløp er ferdig, skal Ferdigmelding sendast inn. Godkjenning av VA-tilknytning må på plass før søknad om ferdigattest.
- Det vert ikkje gitt ferdigattest/bruksløyve i hht Plan og Bygningslova (gjeld også midlertidig) før vilkåra i løyvet er oppfylt, samt tilknytingsgebyr for avløp er betalt.

Sjå vår heimeside for retningsliner på private stikkleidningar:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/private-stikkleidningar>

Tilknytingsgebyra skal være fakturert og betalt før anlegget kan takast i bruk (jmf Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §4), til ei kvar tid gjeldande gebyrstorleik.

Ref. Standard abonnementsvilkår, kapittel 2: Dersom arbeidet med tilknytninga vert overført til eit anna ansvarleg føretak enn løyvet er stila til, skal det sendast inn søknad på nytt. Er arbeidet ikkje starta innan tre år etter at løyvet er gitt, fell godkjenninga vekk.

NB Dersom etableringa av stikkleidningar og kummar kjem på andre grunneigarar, må grunnavtale på plass før arbeidet kan ta til.

Vil også gjera merksam på at dette løyvet ikkje gir noko løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i Plan og Bygningslova.

- Dette betyr at om denne vasstilknytninga skal nyttast til anna enn eit enkelt toalettrom eller servant/utslag/spylepunkt, er dette søknadspliktig. (Baderom er søknadspliktig)
- Etablering av stikkleidningar er søknadspliktig etter Plan og Bygningslova. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom De treng rettleiing for søknadsprosess eller har spørsmål.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide

Einingsleiar Vatn og Avløp

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Navn	Adresse	Postnummer	Sted
Børnes Eiendom As	Børnes Industriområde, Børnes 35	5463	Uskedalen

Kvinnherad kommune v/Arill Krossøy -  
Avdelingsleiar VA